



E39 EIENDOM AS  
c/o Hobby Boat AS Øyna 1  
5913 EIKANGERVÅG

## Varsel om avslag

Vi viser til søknad av 31.01.2018, om samtykke etter arbeidsmiljølova § 18-9, for gbnr. 212/134, Torvhusmyrane 8 i Lindås kommune.

Søknaden gjelde nytt bygg som skal nyttast til båtlager og verkstad.

Saman med søknaden har vi mottatt:

- Situasjonsplan
- Plan-, snitt- og fasadeteikningar
- Kopi av søknad til kommunen om rammetillatelse
- Skriv med informasjon om tiltaket og vurdering av arbeidsmiljøfaktorar

### Garderobe

Ifølgje forskrift om utforming og innretning av arbeidsplasser og arbeidslokaler (arbeidsplassforskriften) § 3-4 skal arbeidsplassar normalt ha åtskilde garderober for kvinner og menn. Ifølgje kommentar til § 3-4 er åtskilde garderober hovudregelen. Kvar arbeidstakar skal ha tilstrekkeleg plass til opphenging av klede. Vidare skal det vere tilstrekkeleg plass til å skifte, og garderobe skal gi arbeidstakar moglegheit for å låse inn kleda i arbeidstida. Ifølgje arbeidsplassforskriften § 2-4 skal personalrom vere utforma slik at ein tek omsyn til at arbeidstakarar med nedsett funksjonsevne kan arbeide i verksemda. Garderobe må dermed også vere dimensjonert for rullestolbrukarar.

For verksemd der arbeidsoppgåvene eller helsemessige forhold gjer det nødvendig med skifte til arbeidsklede og/eller dusj, skal det som klar hovudregel vere åtskilde garderober.

Sjå følgjande lenke for rettleiing om krav til garderober på arbeidsplassen:

<https://www.arbeidstilsynet.no/tema/byggesak/veiledning-til-dokumentasjonskrav-ved-soknad-om-arbeidstilsynets-samtykke/krav-til-garderober-pa-arbeidsplassen/>

I planteikning som vi har mottatt av lokalet, går det fram at ein har planlagt med felles garderobe med tilknytning til handikaptaolett. I bygget er det planlagt verkstad, og arbeidet vil dermed krevje skifte frå private- til arbeidsklede. Planane bryt dermed med krav om åtskilde garderober i verksemd der arbeidsoppgåvene krev skifte til arbeidsklede.

I vedlegg til søknaden, med vurdering av arbeidsmiljøfaktorar, går det fram at det er planlagt at to tilsette skal ha deler av arbeidsdagen sin i nytt bygg, og at alle tilsette har tilgang til personalfasilitetar i hovudanlegget, som leigetakar har eit par km frå nybygget.



Etter Arbeidstilsynet sin vurdering er avstand til personalfasilitetar i leigetakar sitt hovudbygg så langt unna at det ikkje kan leggjast til grunn at tilsette skal nytte garderober, wc, etc. der. I løpet av levetida til bygget kan det vere ulike leigetakarar/verksemder i bygget, og ut frå arealet i bygget kan det vurderast at det kan bli fleire tilsette som har arbeidsplass der. Arbeidstilsynet vurderer det derfor som rimeleg at det må vere lagt til rette med personalrom, og i dette åtskilde garderober.

### Dusj

I arbeidsplassforskriften § 3-6, går det fram at det skal stillast til rådighet tilstrekkeleg og egna dusjar for arbeidstakarar dersom arbeidets art eller helsemessige forhold gjer at det er krav om det.

Ifølgje Arbeidstilsynet sin forvaltningspraksis er det normalt krav om dusj i arbeidslokale som vert nytta, eller er planlagt nytta til fysisk krevjande arbeid, skittent arbeid, arbeid med illeluktande stoff, eller arbeid med giftige eller helsefarlege stoff. Jf. kommentar til arbeidsplassforskriften § 3-6.

Sjå følgjande lenke for rettleiing om krav til dusj på arbeidsplassen:

<https://www.arbeidstilsynet.no/tema/byggesak/veiledning-til-dokumentasjonskrav-ved-soknad-om-arbeidstilsynets-samtykke/krav-til-dusj-pa-arbeidsplassen/>

Arbeidstilsynet legg til grunn at arbeid på verkstad kan vere fysisk krevjande og vil medføre tilskitning. I planar som vi har mottatt går det ikkje fram at tilsette har tilgang til dusj, og lokalet bryt dermed med krav i arbeidsplassforskriften § 3-6.

### Matrom

I arbeidsplassforskriften § 3-5, går det fram krav om matrom. I tilhøyrande kommentar til § 3-5, går det fram at matrom bør vere skjerma frå kundar og ivareta behov for integritet. Det bør ha eit golvareal på minst 1,2 m<sup>2</sup> pr. person og ein minste romstørrelse på 6 m<sup>2</sup>. Ifølgje arbeidsplassforskriften § 2-10 skal matrom om mogleg ha dagslys og utsyn.

I planar som vi har mottatt går det ikkje fram at det er matrom i bygget. Planane bryt dermed med krav i arbeidsplassforskriften § 3-5.

### Manglande opplysningar

I vedlegg, med vurdering av arbeidsmiljøfaktorar, under støy og vibrasjonar, er det vist til at ein følgjer verksemda sitt HMS-system. Vi ber om å få opplyst om det skal utførast arbeid som medfører støy og kva tiltak ein i tilfelle har gjort med tanke på støydemping av lokale, jf. arbeidsplassforskriften § 2-16.

Arbeidstilsynet forvaltar ikkje byggteknisk forskrift (TEK 17), men gjer merksam på TEK 17, § 13-6(1), der det går fram at krav til tilfredsstillande lydforhold kan oppfyllest ved å tilfredsstillende lydklasse C i Norsk Standard NS 8175:2012

Vi ber om å få opplyst kva mesanin skal nyttast til, om det ev. skal fraktast varer opp manuelt.

Vi gjer elles merksam på krav om toalett på arbeidsplassen, og krav om tilrettelegging med handikaptaolett for tilsette med nedsett funksjonsevne, jf. arbeidsplassforskriften § 2-4 og 3-7. Ifølgje Arbeidstilsynet sin forvaltningspraksis er det krav om handikaptaolett som gir eit fullverdig tilbod.

I små verksemder, dvs. arbeidslokale med fem eller færre arbeidstakarar, og der utforming av lokale gjer at talet vil vedvare, kan ein ha felles toalett. Sjå følgjande lenker for informasjon om krav til handikaptaolett og toalett på arbeidsplassen:

- <https://www.arbeidstilsynet.no/tema/byggesak/veiledning-til-dokumentasjonskrav-ved-soknad-om-arbeidstilsynets-samtykke/krav-til-heis-og-handicaptaolett/>



- <https://www.arbeidstilsynet.no/tema/byggesak/veiledning-til-dokumentasjonskrav-ved-soknad-om-arbeidstilsynets-samtykke/krav-til-toaletter-pa-arbeidsplassen/>

Det må opplyst kor mange ein bereknar personalrom for (garderobe, wc, matrom etc.).

Ifølgje arbeidsmiljølova § 4-4(1) skal fysiske arbeidsmiljøfaktorar som inneklima vere fullt forsvarleg. I arbeidsplassforskriften § 2-14 er det også sett krav om tilfredsstillande klima, mellom ann med omsyn til luftkvalitet og temperatur.

I vurdering av arbeidsmiljøfaktorar går det fram at det vil bli installert ventilasjonsanlegg iht. krav, og at ventilasjonsplanar kan ettersendast når dei føreligg. Dersom planar for ventilasjon ikkje er klare må ein som eit minimum kunne gjere greie for behovet for ventilasjon og korleis ein har tenkte å oppfylle krava.

Sjå følgjande lenke for rettleiing om krav til ventilasjon:

<https://www.arbeidstilsynet.no/tema/byggesak/veiledning-til-dokumentasjonskrav-ved-soknad-om-arbeidstilsynets-samtykke/krav-til-ventilasjon/>

#### Frist

Dersom vi ikkje mottar tilbakemelding innan **28.03.2018** vil vi gjere vedtak om avslag. Ved behov for ytterlegare informasjon eller utsett frist kan ein kontakte sakshandsamar.

Vi ber om at vårt referansenummer 2018/9466 oppgis ved svar.

Med hilsen  
Arbeidstilsynet Vestlandet

Johs B Lægland  
tilsynsleder  
(sign.)

Per Kristian Fonn  
Senioringeniør  
(sign.)

*Dette brevet er godkjent elektronisk i Arbeidstilsynet og har derfor ingen signatur.*

Kopi til:				
HELGESEN TEKNISKE BYGG AS	Ole-Harald Bleikli	Valestrand	5281	VALESTRANDSFOSSEN
E39 BÅT OG HENGER AS		Øyna 1	5913	EIKANGERVÅG
LINDÅS KOMMUNE		Felles postmottak Kvernhusmyrane 20	5914	ISDALSTØ